

# Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 2/22

# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Bildeside - litt av kvart</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Oslokappleiken er moro</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Lagdans på Rjukan</b>	<b>side</b>	<b>8</b>
<b>Helgekurset i november</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Hallingbu – sommaren 2022</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Hallinglagsnytt</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Stjerner i B-klassa!</b>	<b>Side</b>	<b>16</b>
<b>Fin konsert på Jørn Hilme</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Tal halling om du kan</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Lesarinnlegg ved Olav Arne</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

## Fyriord

Hallinglaget har hatt eit eventyrleg danseår, med masse folk på øvingane både hausten 2021 og våren 2022. Me måtte berre avlyse den eine daneøvinga i januar på grunn av skyhøge smittetal! Så det har gått bra, sjølv om mange har hatt korona denne vinteren og våren, også underteikna. Men med tre vaksiner og ein mildare koronavariant har det gått bra! No er det anna som skremmer og plager nattesøvnen – til døme krigen i Ukraina! Så difor er det så usigeleg godt å danse, og ikkje tenke på noko anna enn dansegleda. Og for nokre spelemenn me har i laget. Åsmund, Ulf-Arne og Kjetil har skapt ein særskilt god stemning på øvingane! Og vår eigen spelemann og nestleiar Åsmund Fauske Jøtun vart A-klasse spelemann etter gnistrande spel og andre fyrstepremienapp under Landskappleiken på Rjukan. For mange av oss var det ekstra moro at me fekk til lagdansen og gjorde det bra! Eg er klar over at årsaken er at i år kunne folk danse på fleire lag! Men den gode samdansen kom etter dei mange øvingane der me har dansa, hatt det moro og leika oss. Og så hadde me sjølvaste Øyvind Brabant til å spele for oss på Landskappleiken. Nokre ekstrapoeng der også, så Hallinglaget i Oslo vart nummer 9 av heile 26 startande lag. Meir om dette seinare i avis.

Men det var tøffe tak for leiaren denne vinteren og våren. Hallinglaget var med i Valnemnda for BLS og det var eit svare strev med å få folk til å ta eit tak for å halde Nordahl Bruns gate i gang. Fyrste Styret etter ordinært Årsmøte stranda på grunn av samarbeidsproblem, så leiaren måtte gå av. Heldigvis fortsette dei andre i Styret og Gert Fredrik Malt tok på seg leiarvervet som Jan Hilding Eriksen hadde hatt i heile fem år, dvs. også under heile pandemien. Så eg ynskjer hell og lykke til dei som no heldt BLS-skuta flytande. Mykje av det ekstra arbeidet i dette Styret skyldes det omfattende arbeidet med brannsikring som må gjerast i Nordahl Bruns gate 22. Ein stor og omfattande brannteknisk rapport må gjennomførast! Heldigvis gjer Olav Thon Gruppen det praktiske arbeidet, men styret i BLS og Eigedommemnda må følgje opp sakene og sørge for at arbeidet blir gjort! Mellom anna måtte alle bodene med egedelar til laga under scena i Storsalen tömmast og sakene vart plassert/stabla inn i eit par møterom innafor kjøkenet i kjellaren i NB gt 22. Det var ein tøff jobb og få flytta det tunge og solide stålskapet til Hallinglaget gjennom mange dører i kjellaren i NB gt. Og det heilt utrulege skjedde: det vart oppdagat ein ulmebrann i det eine lagerrommet der me hadde skapet vårt! – heldigvis gjekk alarmen og brannen vart sløkt! Mange lag mista mykje av egedelane sine og viktige papirer vart øydelagt. Det var godt at me hadde eit stålskap i morsatt ende av rommet – så sakene til Hallinglaget er intakt. Heile området/romma innafor kjøkenet har vore stengt i heile sommar for det har stått på avsug for å trekke ut sur røyk! Alt inventar i dei to romma er fjerna, unntatt skåper til Hallinglaget og eit par arkivskåp i naborommet. Skåpet til Hallinglaget har ei lang historie – og den blir lengre! Hurra! Skåpet kjem frå Borregaard Fabrikker i Sarpsborg, for når dei skulle skifte ut dei gamle arkivskåpa fekk me det! – takka være at vår leiar den gongen, Svein Magne Bråten, jobba der. Men mysterirt med at det skulle kunne begynne å brenne i eit lagerrom er ikkje avklart og vil vel heller ikkje bli det ...

Hallinglaget vil fortsetja med å leige Halli så me har plass til dei 20 -35 danserane som kjem innom kvar onsdag. Me som er i styre og stell gler oss over av folk kjem på øvingane våre. Der er så bra at me har gode spelemenn og instruktørar og alle som dansar er gode førebilete for dei nye. Alle som er med veit at dans er sosialt og er super trim for kropp og sjel.

Det er også naudsynt at me har nokre medlemer som me kan syne til overfor moder-organisasjonen Noregs Ungdomslag. Eit førebilete slik er våre to siste medlemer, eit søskenpar som har røter i Gol og som bur på Skøyen. Dei har gjort ei rask karriere og var alt med på Lagdansen på Rjukan og har lært like mykje på eit par øvingar enn me andre har gjort på eit par år! Vel, eg veit dei har vore med på ei eller fleire Strunkeveker og nok også eit Springarforum eller to på Torpo. Og så er det nokon som har eit medfødt talent for dans. Hurra for Frederick og Elisabeth, sjå bildet på neste side.



Vår dyktige danseleiar Ulf-Arne Johannessen i god prat med våre nye og unge dansevener, som nå også er fullverdige medlemer i Hallinglaget! Fotograf: Terje Grangård.

Styret i Hallinglaget er stort sett nøgd med det som me får til, men me kunne tenkeuss fleire tilbakemeldingar til døme som artiklar og meininger her i Hallingljom!


Ein annan draum me har er at dei som ikkje er så himla glad i å danse kunne skape eit miljø på hytta vår Hallingbu som ligg i Lillomarka rett nord for hovudstaden, Den står stort sett tom og ventar på besök!

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

*Beste helsingar  
frå Terje Grangård,  
Leiar i Hallinglaget*



Og dansen går over glatte golv i Halli ein onsdag i året som gjekk. Der øver me jamt og trutt.



Den tøffaste konkurransestaden, konsertstaden og danseplassen eg har vore på so langt! **Saaheim Kraftstasjon** i solsteiken under Landskappleiken på Rjukan 2022. Nesten 100 trappetrinn opp og like mange ned att. Ikkje akkurat handikapvennleg, men gav god trim til dei som var med. Monumentalt bygg frå 1914, bygd på 2 år av Norsk Hydro – over 100 meter langt! Imponerande!

## Oslokappleiken 2021



Her er spaninga til å ta og føle på rett før me går ut og dansar på Oslokappleiken i november i fjor. Desse var med: **Dansarar:** Berit Johannessen, Ulf-Arne Johannessen, Ånund Myhren, Nina Losnedahl, Tone Ingvaldsen, Hallvard Ofstaas, Ingrid Løkken, Terje Grangård, Amalie Kinsarvik Tvilde, Mathias Thedens, Ingrid Fossum, Åsmund Fauske Jøtun, Solfrid Nestegard Gjeldokk og Vebjørn Jøtun Fauske. **Spelemann:** Kjetil Myhren --- Ein stor takk til alle som var med!

Eg håper mange vil danse i år også? Det vil Hallinglaget gjerne! Men då me i år ikkje har ekstra Coronastøtte må alle betale 200 kr. kvar! - det gjeld som billett heile dagen/kvelden/natta!

Kjenner du nokon som er interessert i hallingkultur så få dei med på ei øving. Her møter ein folk som er sympatiske og trivelege der alle prøver å være inkluderande. Berre dei gode kakene som me har på øvingane er verdt inngangspengane. Ein stor takk til dei som baker.. Eg håper at mange vil fortsetje med dansinga som er hovudaktiviteten til Hallinglaget og at folk også melder seg inn som medlem for å vise at det er liv i laget.

## Hallinglaget dansa Lagdans på Rjukan

Så alle skal vite det så dansa Hallinglaget i Oslo ein særsla bra Lagdans på Landskappleiken i Rjukan i slutten av juni! Det var imponerande at me klarte å samle heile 14 personar (7 par) på ein torsdag i Saaheimhallen, i øverste etasje i ein kraftstasjon i Rjukan bygd for 110 år sidan! Dette varma mitt gamle hjarte og eg sender mine beste tankar til dei som var med og gjorde dette mogeleg og eg ønsker dei alle ein god sommar!

Det vart ein rekord på alle måtar, heile sju par og 9. plass av heile 26 startande lag og ein skyhøg poengsum på 78 poeng!



Avslutninga til Hallinglaget i Oslo. Meisterfotograf Knut Utler har tatt dette bildet og resten av bileta i denne artikkelen. Ein stor takk til Knut.

### Dei som dansa må inn i historieboka til Hallinglaget (frå venstre):

*Silje Risdal Liahagen og Ånund Meberg Myhren*

*Else Mohn og Terje Grangård*

*Levina Storåkeren og Svein Aasen*

*Amalie Kinsarvik Tvilde og Mattias Thedens*

*Ingrid Lingaas Fossum og Nicolay Bo Fischer Nielsen*

*Elisabeth Brevig Jacobsen og Frederick Brevig Jacobsen*

*Sofrid Nestegard Gjeldokk og Åsmund Fauske Jøtun*

*Samt spelemannen Øyvind Brabant.*

Eg er imponert over alt me fekk til for me fekk øvd ein del før me gjekk på scena! Me fekk til synkronisering av rundsnuen og ein proff avslutning av dansen der første paret avslutta lengst til venstre på scena og para deretter stoppar opp inntil para som har stoppa opp med eit smil! Det sa klick, klick, klick og til slutt reiste spelemannen seg med eit strålende smil! (sjå bildet)

Slik kan det gjerast, å unngå å stoppe opp som ein saueflokk! – det gjorde godt å få det til!

Me hadde mange stjerner med på Lagdansen i år, av dei 14 som stilte var heile 11 med i andre solo-øvingar! (eg må lage ein story om det i Hallingljom! – andre kan også bidra! (\*))  
 Av dei som er lista opp var det berre Else, eg og unge Elisabeth som berre dansa Lagdans for Hallinglaget. At så mange dansarar i Hallinglaget er aktive er eit godt teikn, og me har øvd jamt og trutt gjennom mykje av pandemien. Takk til alle som har dansa og øvd me ulla dei siste åra. Så får me håpe at dansen fortset for fullt utetter hausten ...

Det var veldig mange gode resultat med kjentfolk til Hallinglaget, frå Oslo og frå Hallingdal. Eg må nemne vår unge sær dyktige spelemann, Kjetil Meberg Myhren, som kom heilt til finalespelet i Hardingfele klasse C som hadde ekstra store premiar i år, mellom anna ei hardingfele! Eg trudde han ville vinne, han kom på tredje, men gleda seg stort likevel, Og dei tre i denne finalen leverte «A-klasse spel så det heldt!» - heilt utruleg dyktige ungdomar på 16-17 år! Og Kjetil spelte framifrå dansespel på hotellet på fredagskvelden – då vart skjorta mi blaut! (men hadde ei ny i bilen). Moro med Kjetil som speler telespel i tevlingar og mest hallingspel til dans! Eg takkar ham for det!

(\*) – farleg å love dette for det var lite hjelp å få ... Her kjem ei liste, sikkert ikkje heilt komplett - og eg tar ikkje med dei som dansa lagdans for fleire lag :

Silje	Vokal klasse A. Ho kom heilt opp på 2.plass! Hallinglaget gratulerer ...
Ånund	Munnharpe, senior.
Levina	Langeleik, senior. Andre eldre instrument, senior.
Svein	Dans hardingfele A! Svein har dansa til 1. premiegrad i 50 år! Slå den!
Amalie	Durspel, senior.
Mattias	Hardingfele B. 1. napp 1. premiegrad!
Ingrid	Langeleik, senior.
Nicolay	Dans fele B og Laus B.
Frederic	Laus B.
Solfrid	Vokal klasse B.
Åsmund	Hardingfele B. 2. napp 1. premiegrad! <b>Åsmund er A-klasse spelemann!</b>

Det å ha Lagdans og Lagspel så tidleg som torsdag er smart, for til saman er det vel nesten 1000 personar med i desse klassene. Dvs. at då kjem folk tidleg på plass og det sikrar at både dansen og spelet er i gang på denne eineståande tilskipinga som Landskappleiken er. Den flytter seg rundt så det er nye stader kvart år. Sjølv om tilhøva for dansen ikkje alltid er dei beste så manglar det ikkje på glede over å samlast siste veka i juni.

Og meisterfotografen Knut Utler var til stades under heile kappleiken og han fyra av mange biletar frå Lagdansen, om lag 10 biletar berre dansen til Hallinglaget! Eg fekk lov til å bruke desse biletar i lagsavisa vår – så no kan det sjå nokre glimt frå dansen vår på dei neste sidene.

Kom å bli med på dansen vår.  
 Dans deg glad!

*Terje Grangård*



Her ser me mellom andre Silje og Ånund, Åsmund og Solfrid i stø dans.



Her ser me Amalie og Mattias, Levina og evig unge Svein.



Her ser me Elisabeth og Frederick, Ingrid og Nicolay som tar eit hopp!



Her ser me Elisabeth og Frederick,



Her ser me Else og Terje.

# STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

5. – 6. november,  
med Ulf-Arne Johannessen, Solfrid Nestegard Gjeldokk og  
Lars Fivelstad Smaaberg som spelemann.



**Laurdag:** 5. november, kl. 12.00 - 16.00

**Sundag:** 6. november, kl. 12.00 - 16.00

**Stad:** Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

#### Instruktørar:

**Ulf-Arne Johannessen**, A-klasse dansar frå Ål som òg er Landskappleikvinnar i både springar og laus!

**Solfrid Nestegard Gjeldokk**, god dansar frå Hol som har dansa heile livet! Ho vil syne oss jentedansen.

#### Spelemann:

Lars Fivelstad Smaaberg, A-klasse dansar frå Gol som no satsar på å bli spelemann!

**Mat:** **Det blir ei god matpause**, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

**Pris:** **Kr. 500,- for kurset**, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen! Superpris for ungdom som vil danse: kr. 300,- (under 23 år).

**Påmelding:** så snart som råd, og helst innan 1. november for planlegging av mat og anna.  
2.

#### Så meld dykk på:

*E-post til: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no) eller  
SMS til 482 04 652.*

**NB!** Meld dykk på og bli ein betre dansar!  
*Ta gjerne med ein ven også ...*



# Hallinglaget i Oslo – Hausten 2022

## Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er danseøvingar desse onsdagane:

For meir info.: *Meld dykk på epost-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

- |                 |   |   |
|-----------------|---|---|
| <b>31. aug.</b> | <b>Lausdans kl. 18:30</b>   | - Gledeleg gjensyn! – veldig moro å danse att!                                  |
|                 | <b>Springarøving kl. 19:00</b>  | - Åsmund Fauske Jötun pelar! Me lærer av kvarandre!                             |
| <b>14. sep.</b> | <b>Lausdans kl. 18:30</b>   | - Instruksjon Ulf-Arne Johannessen!   |
|                 | <b>Springarøving kl. 19:00</b>  | - Åsmund Fauske Jötun og Ulf-Arne spelar!<br>- Ulf-Arne instruerer etter behov! |
| <b>28. sep.</b> | Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.   | -   |
| <b>12. okt.</b> | Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.   | -   |
| <b>26. okt.</b> | Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.   | -   |
| <b>9. nov.</b>  | Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.   | -   |
| <b>23 nov.</b>  | Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00.   | -   |
| <b>7. des.</b>  | Juleavslutning m/ masse dans og kaker kl. 19.00 – 22.00.<br><i>Meir info. kjem etter kvart!</i> |   |

### Andre viktige hendingar dette halvåret:

**Sundag 9. oktober: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget**

**Kl. 18:00 : Minikurs i hallingspringar!**

Instruksjon ved: Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar frå Ål.

Dansespel ved: Lars Fivelstad Smaaberg frå Gol.

Her håper me at mange frå laget vil bidra i danseringen.

**Kl. 19.30: Folkedanskveld med meir dans og moro.**

**5. og 6. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!**

**Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.**

Instruktørar: Super instruksjon ved Ulf-Arne Johannessen frå Ål og

Solfrid Nestegard Gjeldokk frå Hol.

Dansespel ved Lars Fivelstad Smaaberg frå Gol.

**Pris: kr 500,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!**

**Møt opp! – dans deg glad og bli ein betre dansar!**

**(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).**

**Helga 24. - 27. november: Helga då mykje skjer i Oslo!**

**Folkelarm og Oslo-kappleik på Riksscena!**

**Hallinglaget ynskjer å delta på Lagdansen, så møt opp og dans i haust!**

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) og Facebook: Hallinglaget i Oslo

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (482 04 652), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Åsmund Fauske Jötun (938 33 229), ([aasmundfauske@gmail.com](mailto:aasmundfauske@gmail.com))

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), ([gst@cultura.no](mailto:gst@cultura.no))

## HALLINGBU sommaren 2022

Som det står i Styreprotokollen etter siste Styremøtet 31. august:

«*Vellykka Spikjikjøttur i sommar. Hytta står!*»

Det var ein sommar som gjekk så altfor fort for dei fleste, så me kjem sterkare att neste år!

**Meld deg på som ein Hallingbuven!** – og si frå om du vil være med i Hyttestyret neste år :)



Hallingbu håper me vil stå til evig tid! Men hugs: hytta treng litt vedlikehald også ...



Spikjikjøturen 2022 der me åt inne! Desse var med: Trond Roseth, Heidi Wie, Ingrid Løkken, Åsmund Fauske Jøtun, Terje Grangård og Michel Gascoin (fotograf).



*Peiskos på Hallingbu: Me fyra opp i peisen på Spikjikjøtturen også!*



*Her ser me tvert igjennom midtrommet og inn på kammerset (soverommet).  
Bileta i denne artikkelen er tatt med mobilen til Åsmund Fauske Jøtun.*

## Hallinglagsnytt



Ein gledeleg nyheit eg kjem eg på i farten: vår kjære spelvinne **Helga Myhr gifta seg i sommar med sin kjære Rasmus Kjorstad** frå Harpefoss i Sør-Fron. Noko meir musikalsk og dyktig par skal ein leite lenge etter og dei er også særslig trivelege artistar å prate med. Helga spelte ein del for oss då ho studerte på Musikkhøgskola. Ho var sjølv sagt også med på den minneverdige konserten med Kvedarkvintetten på ei Juleavslutning for nokre år sidan. Eg hugsar også ei øving ho spelte der nokre av jentene i kvintetten var til stades: dei sette i gang med tralling og kveding som saman med springarspelet løfta dansen til nye høgder! Det var moro!

Begge spelar i toppen av A-klassa, Helga på Hardingfele og Rasmus på vanleg fele. Dei har kvar si solokarriere og spelar til døme saman i grupper som Morgenrøde!

Dei vil antakeleg busette seg i Sør-Fron. Hallinglaget ynskjer dei begge alt godt i åra som kjem.

### *I år var det mange kjenningar i toppen av Hardingfele klasse B*

Ei klasse det er særslig vanskeleg å kome på toppen av er Hardingfele klasse B, dvs. å få 1. premie-grad, dvs. 75 poeng eller meir! Av heile 40 deltakarar som brukte nesten 7 timer på tevlinga var det 5 som klarte det! Og heile 4 av desse spelar for laga i BLS! HURRA for dei! Det må også bety at det å spela til dans er veldig god trening for å spele godt på tevlingar. Dei fem eg har lista opp klarte kravet til eit napp til A-klassa!

Plass	Deltakar	Poeng	Kommentar
1.	Marie Tveiten, Seljord folkemusikklag	80 1.napp	Frå Seljord, bur i Oslo. Ho er musikar, artist og låtskrivar, og spelar blant anna i bandet The Northern Belle. Vant C-klassa i 2010! – so pause!
2.	Sindre Tronrud, Vårflaumen SpelogDL.	79 2,napp!	Stud. NMH, spelar for Valdreslaget og bidrar stort på Jørn Hilme stemnet. Vant Fure-prisen i år!
3.	Kenneth H. De Gala Kongsberg SpelogDL.	76 1.napp	Fast spelemann for Numedalslaget. Særslig god dansespelemann som endeleg fekk napp!
4.	Åsmund Fauske Jøtun, Gol Spel- og dansarlag.	75 2.napp!	Fast spelemann for Hallinglaget. Særslig god spelemann og dansar. Gols 1. A-klassa spelemann!
4.	Mattias Thedens, FolkOrg, Telelaget	75 1.napp	Stud. NMH, spelar for Telelaget og i ei eigen Folkemusikkgruppe Gangar. God ven me oss også!

## **Fin ungdomskonsert på Jørn Hilme i år!**

*(Det var knapt med bidrag til Hallingljom denne gongen også! – så eg måtte lage ei side i ein fart!  
Og som eg seier til folk: det er «berre» å finne eit fint bilde og så skrive nokre ord ...)*

Så eg tar utgangspunkt i eit fint bilde som eg tok på Jørn Hilme i år; frå ein konsert som var i eit sjarmerande konsertlokale som eg ikkje hadde vore i før! Det var i Briskeby Ungdomshus og det var med dei dyktige studentane Trygve Liahagen og Amalie Kinsarvik Tvilde frå Musikkhøgskola i Oslo (NMH). Det vart ein særsla variert og fin konsert, med noko samspel og der dei spelte spelstykke frå kvart sine distrikt.



*Trygve og Amalie på Briskeby Ungdomshus i Fagernes. Fotograf: Terje Grangård.*

Amalie kjenner me litt for ho har dansa i Hallinglaget i snart tre år, og ho er med og dansar Lagdans for Hallinglaget! Amalie er særsla god på torader og gjorde det godt i Durspel Senior under Landskappleiken i Rjukan.

Trygve er særsla god på vanleg fele og vant Fele klasse B på Rjukan! – og fekk sitt 1. napp til A-klassa! Han spelar også hardingfele, og har lært hallingspel av faren Herbjørn! Og me i Hallinglaget kjenner bestefaren Birger Liahagen som har vitja laget på to juleavslutningar! Så her er det musicalitet og eg kan ta med at mora Margrete Nordmoen er supergod dansar og songar. Trygve spelte også ei danseøkt på kvelden og då han spelte ein hallingspringar kom Amalie bort og fekk meg ut på golvet. Det var moro og noko eg setter stor pris på.

Så det slår meg, at desse to kunne ha spelt for Hallinglaget ein gong! Då interessa for konsertar er låg i laget! - måtte det bli ei danseøkt. Og slike studentar kan det meste, dei spelar pols og runddans og sikkert hallingspringar også om det trengs. Eg er glad det finnes slike ungdomar.

*Terje Grangård*

## «Så fin dialekt du har – kvar er du ifrå?»

### LESARBREV

Publisert: 26.01.2022

Av Solfrid Nestegard Gjeldokk

«Jo, tusen takk», seier eg og legg til at eg er frå Geilo. Ofte vert folk overraska over at geilingar snakkar halling, og det med god grunn. Det var ikkje mange av mine jamaldrande som snakka halling då eg vaks opp, og eg er den fyrste til å innrømme at eg har knota mykje opp igjennom. Men eg har heldigvis klart å halde på hallingmålet, noko eg er veldig glad for. I mitt tilfelle trur eg det kokar ned til tre ting som har vore utslagsgivande: Halling i heimen, halling i barnehagen og Hellbillies på øyro.

Eg har vakse opp i ein familie der bortimot alle snakkar halling. Men det er ikkje sikkert eg hadde halde på dialekta mi om eg ikkje hadde høyrt hallingmålet andre plassar enn heime. Det er nok like viktig å møte på dialekta i fleire miljø, og å møte andre som snakkar slik som ein sjølv. I Lien Barnehage, der eg gjekk, prata dei fleste av dei tilsette halling. Fleire av ungane som gjekk i Lien Barnehage på tidleg 90-tal pratar enno halling, og eg trur neppe det er tilfeldig.

Samstundes var Hellbillies ein klar favoritt i oppveksten (noko dei framleis er). I barnehagen hadde vi både Sylvspente Boots og Pela Stein på kassett og vi holdt fram med å synge Hellbillies sine songar då vi begynte på barneskulen, både som allsong og til framsynning. Eg trur nok vi kjende på eit samhald og ein stoltheit over både dalen og målet allereie den gongen. For det gir eit spesielt samhald å snakke same dialekt. Dialektene våre seier noko om opphavet vårt, og gir eit fellesskap kring både historie, røter og identitet.

Dialekta fortel om kvar ein er ifrå, og med det fylgjer det assosiasjonar. I møte med folk utanbygds merkjer eg det: nokon har hytte i Hallingdal, andre har gått Skarverennet, nokon har jobba som budeie i Ålingsfjellet i ungdommen, og andre har høyrt om Hallingdal gjennom Stein Torleif Bjella og Daniel Kvammen, og vippss så har du praten i gang. Å snakke halling er med andre ord ein grådig god icebreaker.

‘It takes a village to raise a child’ heiter det, og kanskje det er slik med dialektbruk også? Eg har ikkje fasiten på kva som skal til for at hallingdialekten ikkje skal gå i gløyme boka, men eg veit i alle fall kven eg vil takke for at eg har klart å halde på mi: Mamma og pappa, Lien Barnehage og Hellbillies.



Hallingdal Låtelag 2022 – ganske fulltallig! Fotograf: Anders Lunden Herfoss

## HAR LANDSKAPPLIKEKEN GÅTT UT PÅ DATO?

### LESARBREV

Det er spørsmålet som eg stiller meg etter at eg har vore på landskappleik på Rjukan i sommar. Her var det mykje liv og leven, mykje godt spel og ikkje minst god dans for unge og vaksne.

Men kva har skjedd med denne eldste folkemusikkfestivalen i Norge dei siste åra? Svært lite nytt, spør du meg. Det synes som om at denne festivalen har stivna i gamle tradisjonar. Når verda rundt susar vidare, klarer ikkje landskappleiken å henge med og fange opp dei nye straumane i tida. Sjølvsagt, så er gamle tradisjonar høgt verdsett i folkemusikkmiljøet. Det er bra! Men sjølve festivalkonseptet bør fornye seg.

Landskappleiken minner på mange måtar om eit lukka selskap, der alle kjenner alle. Dei som står utanfor miljøet, vil kjenne på dette når dei vågar seg innanfor dørene på landskappleiken for fyrste gong. For desse nye, vil dansen på kvelden vere ein fin måte å bli kjent med folkemusikkmiljøet på.

Men, den frilyndte dansen på kvelden blir diverre nedprioritert på denne festivalen. Det sogo me fleire døme på Rjukan. Lyden på høgtalaranlegget fungerte til dels svært dårleg slik at det vart umogeleg å få til ein nokolein vetug dans som fylgte musikken. Eg opplevde også at spelemenn-kvinner ikkje møtte til dansespelet slik som det var sett opp i programmet. Slike går då ikkje an, teinkjer eg. Eg tek dette opp med festivalleinga? Svaret eg fekk var ikkje til å mistyde: «Spelemannen deltek på tevlinga om Furupris og kan naturleg nok ikkje møtte til oppsett dansespel». Kva med ein reservespelemann? Nei, det hadde dei ikkje tenkt på!

Tevlingane og påfylgjande premieutdeling tek alt for mykje tid på denne festivalen og varer til langt ut på kvelden og natta. Då er det mange som droppar den frie dansinga på kvelden.

Korleis skal lanskappleiken kunne fornye seg og ta til seg nye impulsar? Her er mine forslag:

- 1) Slepp ungdomen laus. La dei få utfalte seg og gje dei tillit.
- 2) Prioriter den uformelle dansen på kvelden. Setesdølane gjorde noko veldig bra på Rjukan. I starten av si danseøykt, viste dei oss dansesteget i setesdalsgangaren samtidig som me lærte oss nokre få turar i denne dansen. Alt dette mens me bytta dansepartnar. Til slutt viste eit dansepar andre turar i denne dansen, som me kunne ape etter. Veldig positivt! Alle skulle med, også vanlege folk.
- 3) Når utøverane skal presenterast frå scena, bør det gjerast på ein meir ledig og uhøgtidleg måte enn slik det blir gjort i dag. Eg foreslår ei kort lita historie om låtten eller utøvaren, ei historie som utøvaren har godkjent på fyrihand.
- 4) Folkorg bør hjelpe til med den praktiske gjennomføringa av landskappleiken. Ein fast gjeng på kanskje 5 personar bør fylge landskappleiken. Slik kan festivalen dra med seg erfaringar frå eitt år til det neste. Dette vil vere med å sikre kvaliteten på Landskappleiken. Små lag som kanskje vegrar seg for å ta på seg eit slikt gigantisk arrangement, vil lettare kunne våge seg frampå når dei kan støtte seg på ein slik ressursgjeng. Folkorg bør også garantere for eventuelle underskot. På den måten vil små lag med skranten økonomi, kunne arrangere landskappleiken utan å risikere å ende opp som «nødslakt» når landskappleiken er over.

Oppsummert håpar eg at landskappleiken vil evne å fornye seg i åra framover slik at denne festivalen kan appellere til vanlege folk og ikkje berre til dei som er spesielt interesserte.

Olav Arne Løstegaard

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2022**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved første sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, **Vipps til: 737 811 (Hallinglaget i Oslo)**

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktiskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### **Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.**

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivilligehetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### **Hallinglaget i Oslo**

*Webside: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)*

*Facebook: Hallinglaget i Oslo*

*Instagram: Hallinglaget i Oslo*

## TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2022

Følg med på [www.bls.no](http://www.bls.no) for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs, kl. 18.00
<b>September '22</b>		
04.	Numedalslaget / Steinsgårdskroken	Norsk tango
11.	Symra / Symradern og Att og fram	Sunnmørsspringar
18.	Hordaringen / Østerdølene	Rørospols
25.	Sogn og Fjordaneringen / Golaget	Bingsjøpolska
<b>Oktober '22</b>		
02.	Frøy / Farande Fant	Nordmørspols
09.	Hallinglaget / Eiker spelemannslag	Hallingspringar
16.	Valdreslaget / Bærum spelemannslag	?????
23.	Hordaringen / Dølalæte	Springleik
30.	Sogn og Fjordaneringen / Østerdølene	Bodapolska
<b>November '22</b>		
06.	BUL / Elise m/venner	Nordlandspols
13.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
20.	Symra / Symradern og Att og fram	Rørospols
27.	Sogn og Fjordaneringen / De Frilynde	Bingsjø
<b>Desember '22</b>		
04.	?????? / Bærum spelemannslag	?????
11.	Folkedansnemnda/ Farande Fant og Fanteladdene	Juleavslutning

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.**

### Inngang Folkedanskveld:

Medlemmer kr 150,- / ikkje-medl. kr 200,- / Studentar kr 100,-

### Inngang Minikurs:

Same pris som over!  
*Dvs. at ein får Minikurset attpå og ein får også vaffel, kaffi eller tè i paua!*

# **Styret i Hallinglaget 2022-2023**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b>	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: <a href="mailto:asmundjotun@gmail.com">asmundjotun@gmail.com</a>
<b>Kasserar:</b>	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: <a href="mailto:heidi.wie@outlook.com">heidi.wie@outlook.com</a>
<b>Medlemer:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: <a href="mailto:beritsatelier@hotmail.com">beritsatelier@hotmail.com</a>
	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>

---

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Terje Grangård  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo      Tlf: 482 04 652  
E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## **Hyttestyre for Hallingbu:**

**Leiar:** Else Mohn  
Stivivegen 86, 3677 Notodden      Tlf: 958 79 270  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Danseleiar:** Ulf-Arne Johannessen      Tlf.: 477 56 565

**Revisor:** Alix Cordray      Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

## **Hallinglaget på nettet:**

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no).

Hallingbu



{P}{B}

32%